

Saksbehandlar: Ole Ingar Hagen Hæreid, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 14/1186-2

Endring i yrkestransportforskrifta - overføring av løyveansvaret frå samferdsledepartementet og fylkeskommunen til Statens vegvesen, fråsegn

Framlegg til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

Endringane i yrkestransportforskrifta er ei nødvendig tilpassing til Stortinget si endring av yrkestransportlova. Hovudutval for samferdsle har ikkje merknader til endringsframlegget.

Vedlegg:

Brev frå samferdsledepartementet datert 3.2.2014

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

Stortinget har vedteke endring av yrkestransportlova §§ 12 og 14 slik at ansvaret for dei ikkje-behovsprøvde nasjonale løyva vert overført frå fylkeskommunane til Statens vegvesen og ansvaret for dei internasjonale løyva vert overført frå Samferdsledepartementet/Vegdirektoratet til Statens vegvesen.

Lovvedtaket medfører at Statens vegvesen, som sentral løyvemynde for desse løyva, får ansvaret for å utstede og administrere dei løyva som ikkje er behovsprøvde etter yrkestransportlova. Dette omfattar løyve for godstransport og løyve for persontransport utanfor rute med kjøretøy med meir enn 9 sete (turvognløyve) og internasjonale transportløyve.

Forslaget til endring av forskrifta til yrkestransportlova er ei nødvendig tilpassing til dei vedtekte lovendringane om overføring av løyveansvar frå fylkeskommunen og Samferdsledepartementet til Statens vegvesen.

Frist for eventuelle merknader til endringane i forskrifta er sett til 3. mai 2014

Sentrale problemstillingar

Dei vedtekte lovendringar og framlegget til endring av forskrift medfører at:

- Ansvaret for å utstede og administrere løyve for nasjonal vegtransport som ikkje er behovsprøvd vert overført frå fylkeskommunane til Statens vegvesen.

- Ansvar for å utstede og administrere løyve for internasjonal transport vert overført frå Samferdsledepartementet til Statens vegvesen.
- Løyvehavar får same plikt til å gje økonomiske og statistiske opplysningar til Statens vegvesen som til Samferdsledepartementet/Vegdirektoratet og fylkeskommunane som løyvemynde.
- Statens vegvesen får mynde til å delegere ansvaret for å utstede kontrolldokument tilsvarande det Vegdirektoratet har i dag.

Framlegget til endringane i forskrifta omfattar berre ansvaret for dei ikkje-behovsprøvde løyva etter yrkestransportlova, dvs. løyve for godstransport med motorvogn og løyve for persontransport utanfor rute med kjøretøy med over 9 sete (turvognløyve). Ansvaret for dei behovsprøvde løyva skal framleis ligge til fylkeskommunen. Dei behovsprøvde løyva omfattar ruteløyve etter yrkestransportlova § 6, drosjeløyve, selskapsvognløyve og løyve for transport av funksjonshemma, jf. yrkestransportlova § 9.

Bakgrunn for endringsframlegget

Av lovvedtak nr. 66 (2012 – 2013) følgjer det at ansvaret for ikkje-behovsprøvde løyve skal overførast frå fylkeskommunane og Samferdsledepartementet/Vegdirektoratet til Statens vegvesen. I Prop. L 124 (2012 -2013) er det lagt opp til at ansvaret for utskriving av løyve i Statens vegvesen skal leggast på regionalt nivå. Vegdirektoratet og Statens vegvesen Region vest har sett i gang eit prosjekt med oppretting av kontor i Lærdal. Det er føresett at kontoret skal vere operativt frå 1.1.2015.

Økonomiske og administrative konsekvensar

Endringa i organiseringa av løyvemynde medfører at oppgåver vert flytta frå Samferdsledepartementet og fylkeskommunane til Statens vegvesen. Ved søknad om nasjonale løyve må søkjar i dag betale eit gebyr til fylkeskommunen som skal dekke kostnadene med sakshandsaminga av søknaden. Ved overføring av løyvemynde til Statens vegvesen er det Statens vegvesen som får dette gebyret.

2. Vurderingar og konsekvensar

Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Inntekter frå løyvegebyr varierer frå år til år avhengig av tal løyve som vert utdelt. Gebyret for nasjonale løyve er sett til kr 3 400,-. Ved innlevering av løyvet vil løyvehavar få tilbakebetalt 1/3 av gebyret, dvs. kr 1 200,-. Når Statens vegvesen overtek ansvaret for godsvognløyve og turvognløyve frå 1.1.2015, må fylkeskommunen sende alle løyvedokument knytt til det enkelte løyvet. I tillegg må returgebyret for desse løyva overførast til Statens vegvesen. Her vil det vere snakk om eit beløp på mellom 1,5 og 1,6 mill. kr som må overførast til Statens vegvesen etter 1.1.2015.

Personalpolitiske konsekvensar

Administrering av løyve er lagt til ei stilling på samferdsleavdelinga. Vedkomande sakshandsamar som har desse sakene vil få noko reduksjon i arbeidsoppgåvene knytt til overføring av løyvemynde til Statens vegvesen. Det er teke høgde for at denne endringa vil tre i kraft frå 1.1.2015. Sakshandsamaren har fått tildelt nye arbeidsoppgåver innan samferdsleområdet.

3. Konklusjon

Endringa av forskrifta til yrkestransportlova er ei nødvendig oppfølging av Stortinget si lovendring av yrkestransportlova. Etter fylkesdirektøren si vurdering vil ikkje lovendringa og endringa av forskrifta til yrkestransportlova medføre dramatiske endringar eller utfordringar for fylkeskommunen. I 2015 må vi ta høgde for å overføre mellom 1,5 og 1,6 mill. kr til Statens vegvesen. Dette må løysast gjennom budsjettet 2015. Fylkesdirektøren har ikkje merknader til endringsframlegget i forskrifta til yrkestransportlova.